



Høyringsvar frå Aure sokneråd, Stemshaug sokneråd og Tustna menighetsråd.

Ei fellesnemnd frå alle tre sokna har jobba ilag og kome fram til følgjande høyringsvar til ny kyrkjeordning.

- Generelt må språket forberast og forenklast i heile dokumentet.
- Mange plassar i ordninga står det: «Nærmare bestemmelsar fastsett av Kyrkjemøtet» Dette bør presiserast nærmare.

§ 6 Organisering av Den norske kyrkja.

Det er foreslått å ta inn omgrepet "menighet" i kyrkeordninga i tillegg til "sokn". Dette meiner vi er uheldig og snarare skaper større uklarhet enn klarhet.

§15 andre ledd.: Organa for sokna – Eit sokneråd i kommunen

Vi støttar at det i kommunar med fleire sokn kan søkje bispedømerådet om godkjenning til å etablere eit felles sokneråd. Vidare må det gjerast klar korleis dette skal fungere i forhold til fellesrådet sine oppgåver.

§15 fjerde ledd: Organa i sokna - Eit kyrkjelege fellesråd i fleire kommunar.

Det er viktig at det blir vidareført at det skal vere eit fellesråd i kvar kommune. Men om det er naturleg, og det ligg til rette for det, er det positivt at det opnar opp for etablering eit fellesråd som omfattar fleire kommunar.

§16 fjerde ledd. Soknerådet si samansetjing.

Vi støttar rett til å krevje fritak frå val til sokneråd ved skriftleg erklæring om at ein ikkje ønskjer å stille til val. Sokneråd er ikkje tent med å ha kandidatar som ikkje ønskjer å stå på liste.

§ 23, andre ledd: Samansetjing av fellesråd:

Det er foreslege: I tillegg kan kommunen velje en representant.

Her bør det stå skal velje en representant inn i fellesrådet. Det er viktig dersom det blir den same finansieringa i framtida som vi har i dag.

§§ 20 -25: Soknerådet og kyrkjelege fellesråd sine oppgåver.

Vi støttar at gjeldande oppgåvefordeling mellom sokneråd og kyrkjeleg fellesråd blir vidareført i ny ordning.

§ 23 tredje ledd: Kyrkjemøte sine oppgåver:

Vi støttar ikkje opp om indirekte val til kyrkjelege fellesråd. Dette vil skape for stor avstand mellom sokneråd og fellesråd.

Utover dette støttar vi framlegg til ny kyrkjeordning for Den norske kyrkje.

Aure 12.12.2018

Judith Bjørk
Kyrkjeverja i Aure.